



Det har skjedd mykje positivt i bygda i den seinare tid både når det gjeld dyrking og det ein kan karakterisera som landskapspleie. Eit døme på det er det som i vinter har gått føre seg i området mellom Dønhaughølen, Leite og vegen ned til elva. Der har Magne Huglen engasjert Haugland Maskin til å pynta opp og når våren kjem vil ein sjå det endelege resultatet.

Eg gjorde det ikkje minst fordi vatnet har hatt ein tendens til å grave seg ned i denne skråningen, seier Huglen. Han legg til at også den nye brua ovanfor Dønhaughølen snart er fullført.

Det tek i det heile til å bli ein harmonisk heilskap i dette området. Også andre grunneigarar sørgjer for det.

Foto: Ola Matti Mathisen